



Ørjan Lilleskare  
Ikenberget 21 A  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/2003 - 17/22088

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
10.08.2017

## Utsleppsløyve frå hytte via felles avløpsleidning - gbnr 148/10 Litleskare

**Administrativt vedtak. Saknr: 362/17**

**Tiltakshavar:** Anita og Ørjan Lilleskare

**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for hytteeigedommen gbnr 148/10, som i dag berre har utslepp av gråvatn . Storleiken på utsleppet er opplyst til å vera 5 pe. Utsleppet skal gå via eigen slamavskiljar på 4 m<sup>2</sup> til godkjent felles utsleppsleidning til sjø som vart godkjent med utsleppsløyve og løyve til tiltak den 17.08.2015.

Det vert elles vist til søknad motteken 23.06.2017.

#### Plassering

Plassering av slamavskiljar og leidningar med tilkopling til fellesanlegg er vist på situasjonskart motteke 23.06.2017, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 1 d.

## **Reinsekrav**

Eigedomen ligg i eit område der det er slamavskiljar med utslepp til sjø er godkjent reinseløysing etter forureiningsforskrifta kapittel 12.

## **Planstatus**

Eigedomen ligg i LNF-område i kommuneplanen. Tiltaket gjeld utskifting av eksisterande anlegg og krev ikkje dispensasjon.

## **Privatretslege tilhøve og nabovarsel**

Den einaste naboen som er berørt, eigar av gnr 148/3, har fått nabovarsel, og har i tillegg gjeve skriftleg samtykke tll plassering av delar av anlegget på sin eigedom. Denne erklæringa må tinglysast.

## **VURDERING**

### **Reinsekrav, tilkopling til eksisterande anlegg/leidning**

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsomt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at det er kjøreveg dimensjonert for slamtømmebil og at anlegget kan gå inn i den ordinære tømmeordninga og ikkje medføra ekstrakostnader i samband med slamtømming. Stikkleidning til eigedommen er lagt i samband med legging av hovudleidningen

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart motteke 23.06.2017.

### **Vurdering etter naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa § 8 – 12 i naturmangfaldlova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå fylkesmannen i Hordaland.

### **Godkjenning etter anna lovverk**

Etablering av nye anlegg krev at det vert gitt løyve til tiltaket etter reglane i plan- og bygningslova. I denne saka gjeld det utskifting av slamavskiljaren og eit kort stykke leidning med tilkoplinger.

**Kommunen fritek tiltaket frå søknad etter plan- og bygningslova , jf § 20-5 bokstav g.**

## **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå fritidsbustad via slamavskiljar til sjø på følgjande vilkår:**

**1) Utsleppet skal førast i tett og nedgraven leidning inn på eksisterande felles utsleppsleidning**

**som tidlegare er godkjent ført til sjø og ut på djupt vaten.**

**2) Erklæring om tilknyting og ansvar frå eigaren av gbnr 148/3 skal tinglyst på begge eigedommene.**

**3) Slamavskiljaren skal vera av godkjent type, og plasserast slik at han kan tömmast innafor den ordinære kommunale slamtømmeordninga, i samsvar med forskrift for slamtømming, godkjent av kommunestyret 24.06.2004.**

**4) Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**

**5) Egedomen skal knytast til offentleg avløpsleidning eller anna større fellesanlegg dersom slike vert etablert i området og kommunen set krav om det.**

**6) Melding om at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet, og målsett kart som viser endeleg plassering, skal sendast kommunen før anlegget vert teke i bruk**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

## Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlige for arbeidet skriftlig mappa ifrå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løvet.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar eller målsett situasjonsplan skal sendast kommunen.

## Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å føra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2003

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ørjan Lilleskare

Ikenberget 21 A 5911

ALVERSUND

## Mottakrar:

Anita Hammerhaug Lilleskare  
Ørjan Lilleskare

Ikenberget 21 A 5911  
Ikenberget 21 A 5911

ALVERSUND  
ALVERSUND